

## Velferd

*Makt og ansvar er skilde så effektivt frå kvarandre i moderne styring, at kvinnene i førstelina har heile ansvaret for kvaliteten i velferdsstaten*

*– utan å ha nokon kontroll over ressursane!  
(Professor Halvard Vike)*



## Førde Raud Valallianse

*- stem Raudt - stem Raud Valallianse*

*Med RV i bystyret vil debatten  
og engasjementet vitalisere  
formannskap og administrasjon  
- RV vil ha eit levande  
lokaldemokrati!*



## STEM RAUDT- STEM RAUD VALALLIANSE!

*Ved kommunevalet 2003 sa Raud Valallianse at det ville bli vanskelig for små parti å synleggjere andre politiske vegval enn det fleirtalet i formannskapet til ei kvar tid gjekk inn for. Då hadde ein redusert talet på bystyrerepresentantar, fjerna alle sektorutval og gitt grønt lys for "all makt" til formannskap /planutval.*

Erfaringane så langt viser at RV har fått rett. Den politiske debatten i bystyret er tilnærma død. Debatten i bystyret er stort sett berre spel for galleriet. Alt er ofte avgjort i formannskap/planutval. Bystyret vert eit "sandpåstrøingsorgan". Engasjerte sektorpolitikarar er borte. Media refererer sjeldan frå bystyremøta. Folk taper interessa for lokal politikk og korleis lokalsamfunnet skal utviklast til beste for alle som bur i kommunen.

Raud Valallianse vil bidra til å snu denne utviklinga. Bystyret, sektorpolitikarar, tilsette og folk flest sin stemme må bli høyrte. Ei god utvikling for Førde krev engasjerte folk og eit levande lokaldemokrati. Vi kan ikkje la formannskap og administrasjon aleine bestemme framtida.



*Raud Valallianse sin 1. kandidat og ordførarkandidat er Knut Solberg.*

*Knut er 55 år og har budd i Førde sidan 1973. Den tidligare industriarbeidaren er no lærar ved Øyrane v.g.s. Dette er ein røynd lokalpolitikar med 2 perioder bak seg i bystyret.*

### **RV meiner**

*Vi har råd til velferd*

*Vi har tid til omsorg*

*Vi har rett til eit verdig og likestilt arbeidsliv*

*Vi har rom for mangfold*

*Vi har mot til å gå egne vegar*

*(Frå RV sitt valmanifest 2007)*

## RAUD VALALLIANSE VIL I BYSTYRET!

- Vere bindeledd mellom kommunen og folk flest
- Fremje aktuelle saker til debatt og avgjerd.
- Seie nei til privatisering og konkurranseutsetting av offentlege tenester.
- Sørge for at ingen parti får "gløyme" sine vallovnader.
- Setje folk sine interesser framom interessene til stat og næringsliv.
- Arbeide for eit sentrum å "puste i".
- Støtte "uorganiserte" barne- og ungdomsaktivitetar i tillegg til idrettslag og anna organiserte tilbod.
- Arbeide for alle samfunnsmessig fornuftige miljøtiltak.
- Vere ein støttespiller, men òg ein "vakthund", når det vert snakk om nye arbeidsplassar. Ikkje utvikling for ein kvar pris.
- Gå imot alle planar om vidare nedbygging av jordbruk og matjord.
- Auke satsinga på kulturskulen og kulturtilbod til barn og unge.
- Satse på tilsette i omsorgssektor og skuleverk.
- Motsette oss "uføreskatt" på kommunale tenestetilbod.
- Ingen fattigdom i Førde.
- Gå inn for ein eigeidomsatt med sosial profil.
- Gi plass til fritidsaktivitetar for barn og unge i nye bustadområde.
- Ein human flyktnings- og innvandringspolitikk.

### STRUPETAK PÅ

### VELFERDSSTATEN!

Ved sidan av pensjonar og sjukehus som blir finansiert gjennom folketrygda, er det kommunane som er den norske velferdsstaten. Velferdsstaten blir brote

ned om, ein svekker kommuneøkonomien. 2003 var det verste året med underskot. Det blei noko betre i 2004 og 2005. Kommunane hadde samla, store underskot å stri med. Kvar kommune må alltid trekkje med seg underskotet til neste år sitt budsjett. Pengar som kunne vore brukt på tenester til befolkninga, må ein bruke til å dekkje tidlegare underskot. Kombinasjonen av aukande manglar i kommunal tenesteyting og stadig høgare brukarbetaling var den vanlege situasjonen før Stortingsvalet 2005.

### SORIA MORIA – BERRE EVENTYR!

I erklæringa frå Soria Moria blir det sagt:

*"Regjeringa vil (...) gjennom en forpliktende flerårig opptrappingsplan, rette opp den økonomiske ubalansen i kommunesektoren."*

Resultatet så langt:

Eit år med auke i kommunane sine frie inntekter.

Året etter, nedgang i inntektene.

Kor blei det av lovnaden om *"forpliktande fleirårig opptrappingsplan"*.

På tide at dei raudgrøne oppfyller vallovnadene sine!

Raud Valallianse krev at regjeringa oppfyller lovnadene sine.

Høg brukarbetaling for heimetenester, SFO, barnehageplassar, tryggleiksalarm, og transport for funksjonshemma er usosial "kommunal skatteleggjing".

Dette er eit uvesen vi treng å få slutt på.

## STEM RAUDT – STEM RAUD VALALLIANSE!

1. Knut Solberg
2. Per Bj. Ørjansen
3. Astrid Kalstveit
4. Bjørn Cirotzki
5. Hege Leivestad
6. Marius Solberg Våge
7. Ragnhild Hukset
8. Hans Jakob Reite
9. Audhild Tveit
10. Kim Solberg Huseklepp
11. Svanhild Handal
12. Knut Vebjørnsen
13. Marit Slettevold
14. Anders Braanaas
15. Arne Fiskarstrand
16. Svein Morten Søreide
17. Arne Søgne



Knut Solberg



Per Bj. Ørjansen



Astrid Kalstveit

### Kontakt:

Knut Solberg  
Hornnesvegen 55, 6800 Førde  
Epost: knusolb3@online.no

Per Bj. Ørjansen  
Midtåstunet 3, 6900 Førde  
Epost: per.bjarne.orjansen@enivest.net

[www.sfj.rv.no](http://www.sfj.rv.no)

